

Også "Røysterett for alle" treng fleire menn

22.08.2008



Maria Malmsten og åtte menn (fem bassar og tre tenorar) under den første øvinga i haust i skulen i Herøysund. Frå venstre står Kåre Vetrhus, Jan Ove Olsen, Svein Rimestad, Kjell Sigbjørn Røssland, Steinar Naterstad, Kristian Bringedal, Lars Henrik Skogtun og Jostein Grov. Norvald Eik, Oscar Langballe og Kjell Magne Haugland var ikkje på denne øvinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rosendal Songlag kunngjorde torsdag i Grenda at dei treng fleire menn. "Røysterett for alle" sluttar seg til dette og leiar Svein Rinestad seier til uskedalen.no at det ideelle ville vera åtte bassar og åtte tenorar medan det populære koret for tida har fem bassar og seks tenorar. Men han innrømmer at det ikkje er lett å nå dette målet.



Maria Malmsten slår an tonen for ein ny sesong. Bak står (frå venstre) Sissel Stigum, Torild Vivelid og Randi Ljosnes. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Rimestad strekar under at Kvinnherad-koret med "base" i Uskedalen tek i mot alle nye og har fått eit nytt medlem i haust: May-Britt Bergset frå Valen. Det betyr at dei no er 37/38.

Torsdag kveld var den første øvinga i den nye sesongen og 30 framømte tok med entusiasme fatt på den store oppgåva denne hausten: Å øva inn "Mariamusikken", som skal framførast i to konsertar saman med Rosendal Songlag i Kvinnherad kyrkje 30. november.

Dette er eit verk på rundt ein halvtime sett saman av svensken Anders Øhrvall og beståande av eldre Maria-tekstar og songar frå Sverige, England, Tyskland og Frankrike.

- Det er ei krevjande oppgåve. Det er ikkje så vanskeleg å syngja verket, men å tella rett og stokka teksten, seier Svein Rimestad.

Under framføringa av "Mariamusikken" blir det også solosong ved ein av songlaget sine koristar og det blir instrumental innsats med cello, fløyte, kontrabass og slagverk.

Rimestad er svært glad for at Maria Malmsten tar fatt på ein ny sesong med sitt sprudlande engasjement. Ho er også dirigent for Rosendal Songlag og leiaren er også tilferds med at samarbeidet mellom dei to kora blir stadig tettare. Det har så langt vore ei positiv oppleving. Dei to skal ikkje berre syngja saman i kyrkja i haust, dei skal også ha felles seminar og det finn stad på Skånevik Fjordhotell 20. og 21. september. Det er første gongen kora er saman også om eit seminar..

Bente Haugen i Rosendal Songlag sa her om dagen at Maria Malmsten er både støttande og utfordrande og " klarar å tyna det beste ut av alle songarane" og Rimestad strekar under at det i høgste grad gjeld også for hans kor.

Begge kora er framleis i jubileums-modus sjølv om dei kvar for seg har jubilert skikkeleg allereie. Rosendal Songlag er 125 og "Røysterett for alle" 20 år i 2008.

Samla sett blir dette det eit ualminneleg travelt år for dei to kora, men det er ikkje tvil om at dei begge dette året har lagt fleire alen til sin vekst songleg sett.

Av Ola Matti Mathisen